

Magien i gass og rakettar

Det er mykje magi i gass. Det fekk femteklassingar i Bø og Sauherad erfare då dei deltok på forskarkurs.

Hilde Eika Nesje

redaksjon@boblad.no - tlf 947 89 450

Ein tidleg sommarkveld i juni kom nokre lærevillige og interesserte forskarar saman i laboratoriet på Bø vidaregåande skule. På forskarkurs skulle ein gjeng femteklassingar lære om gass og forske på tørris.

– Dét er karbondioksid i fast form, som held ein temperatur på minus 78,5 grader celsius, seier ein engasjert kursleiar, Hilde Johnsen, som har elevanes merksemd i si hule hand.

Moro med realfag

Bak forskarkurset står Forskerfabrikken, som tilbyr forskarkurs til elevar frå 5. klasse og oppover. I tillegg har den tilbod om praktisk vidareutdanning for lærarar på barne- og ungdomsskulen. Kurset i juni var det andre som blei heldt i Bø. Fyrste gong Forskerfabrikken var i bygda var i januar, og det var svært populært blant deltakarane. Då lærte dei om slim. Kurset skal gjere nye generasjonar flinkare i kjemi og gje dei trening i å forske.

– Målet er å spre interessa for realfag blant barn på ein spennande og morosam måte, seier Johnsen.

Gass og rakettar

Og morosamt såg det ut til at femteklassingane hadde det. Gjennom to timar lærte dei både om gass og ballongrakettar.



Gass-show. Forskarspirene synest det er festleg å lage røykringar og discodamp i flasker med tørris når dei er på forskarkurs.

Alle foto: Hilde Johnsen

Først fekk ungane ein bolle med tørris oppi. Dei skulle blant anna lukte og deretter forske på kvifor såpeboblane svedde over tørrisen, men falt rett til golvet når dei blei blåst ut i rommet. Kva anna kunne det vere i bollen dei fekk?

– Me snakkar òg om atom og molekyl, og ungane får lage sine egne molekyl med modelleire og fyrstikkar, fortel Johnsen, som kunne varte opp med gass-show med tørris.

– Alle får ei halvlitersflaske med tørris, så tek dei varmt vann oppi flasken, og da kjem røyken til stor jubel! Ungane lagar røykringar, og så festar dei ein ballong til flasken slik at den blir blåst opp. Det dei såg av røyken er vatndamp, og det er slik ein lagar

røyk på show eller disco, legg ho til.

Ordentleg laboratorium

Det siste dei unge forskarane gjorde var å sende avgarde ballongrakettar i stor fart. Nokre av dei gjekk ut av vinduet på laboratoriet, til stor jubel og mykje støy.

– Det er utruleg bra at me fekk låne laboratoriet på Bø vidaregåande skule. Deltakarane synest det både er spennande og inspirerende å kome til ein ordentleg lab når me held kurs. Det må eg takke Gunne Årnes for, som jobbar på skulen og var med som assistent på kurset, seier Johnsen.



Magiske såpeboblar. Over gass frå tørris fell ikkje såpebobla ned.



Lagde molekylar. Dei unge deltakarane får byggje egne molekyl på forskarkurset.



Ballongmoro. Ballongen blir blåst opp av vatndamp og røyk frå tørris og varmt vatn.



Ballongrakettar. Lærar ved Bø vidaregåande skule, Gunne Årnes, hjelper nokre av småforskarane med å sende ut kraftige ballongrakettar.